

**Prosjekt utvikling av rehabiliteringstjenestene i Møre og Romsdal –
Styringsgruppa gjorde følgende vedtak på sitt møte 03.06.20:**

1. Styringsgruppa ser at rammene for arbeidet har vore utfordrande med omsyn til avsett tid og utfordringane med koronasituasjonen. Styringsgruppa vil gi prosjektleiarane og arbeidsgruppene ros for stor innsats og godt arbeid.
2. Styringsgruppa vil oppmode kommunane om å samle seg om rehabiliteringsavdelingar med faglege gode miljø. Helse Møre og Romsdal vert oppmoda om å utnytte kapasiteten ved Mork og Aure for å kunne samle kommunale rehabiliteringstilbod etter modell 2 ved desse institusjonane dersom det er kommunal interesse for dette. Kostnader, finansiering og avtalekonsept vert å avklare nærare med dei respektive kommunane og helseføretaket.
3. Uavhengig av korleis kommunane organiserer sitt rehabiliteringstilbod, vil styringsgruppa vektleggje at kompetansemiljøet ved institusjonane Mork og Aure vert oppretthalde, enten i dagens lokale eller i meir tilpassa lokale.
4. Styringsgruppa vil oppmode Helse Møre og Romsdal om å invitere kommunar til eit pilotprosjekt for å prøve ut modell 3 i prosjektrapporten ved Mork og Aure rehabiliteringsinstitusjonar. Føresetnaden for pilotprosjekt er at det vert gitt finansieringsstøtte, herunder søknad om statleg innovasjonsprosjekt og finansieringsstøtte med tilpassa finansieringsformer.
5. Styringsgruppa sitt vedtak inneber ei omstilling både i den spesialiserte og kommunale rehabiliteringstenesta. Dersom ein skal lykkast med endringar med sikte på betre og meir kostnadseffektive tenester, må ein sikre god forankring hos partane. Styringsgruppa legg derfor til grunn at prosjektrapporten med styringsgruppa sitt vedtak vert sendt ut på høyring til Helse Møre og Romsdal, kommunane, brukarorganisasjonane og arbeidstakar-organisasjonane. Høyringsfristen vert sett til 25. august d.å. Prosjektleiar får fullmakt til å skrive høyringsbrev i samråd med direktør for Helse Møre og Romsdal og leiar av styringsgruppa. Styringsgruppa vil gjere ei endeleg innstilling overfor oppdragsgjevarane Helse og Møre og Romsdal og regionråda når høyringssvara ligg føre og innan 6. september d.å.

Innstillinga ble vedteken med 9 av 10 stemmer.

Dissens med begrunning frå Orkidè sin representant ligg som vedlegg.

Vedlegg: Dissens frå Orkidè sin representant

Prosjekt utvikling av rehabilitering av rehabiliteringstjenestene i Møre og Romsdal

I møte i styringsgruppa 03.06.2020 ble det vedtatt innstilling for prosjektet. Representanten for Nordmøre regionråd valgte da å ta dissens fra dette vedtaket. Dette grunngis med følgende:

Orkide Nordmøre regionråds representant vurderer generelt at det ikke foreligger tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag til flertallets innstilling.

Isolert sett er det faglig gode grunner til å anbefale interkommunalt samarbeid om døgnbasert rehabilitering, men dette må settes inn i en helhetlig oversikt over alle innsatsene på rehabiliteringsfeltet før en kan konkludere. Dette påpekes i arbeidsgruppas rapport. Rapporten synliggjør en lang rekke usikkerhetsmoment, og mandatet er ikke tilstrekkelig svart ut. Det er videre ikke gitt en konsekvensvurdering av anbefalte tiltak.

03.06.2020

For Orkide - Nordmøre regionråd

Geir Nielsen